

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Øyrane 12, 6800 Førde
Dato:	22.03.2024
Tid:	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00 Sakshandsaming

Kl. 12:00 Lunsj

Kl. 13:00 Presentasjon frå Nordic Mining

Kl. 13:30 Omvising på studiestad Førde

Kl. 15:00 Avslutning

Oddmund Klakegg

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 05/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 06/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 23.02.2024	2022/486	

Referatsaker

RS 03/24	Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid	2022/486	
RS 04/24	Orientering om tildelinga av nye studieplassar i 2024	2022/486	

Vedtaksaker

VS 03/24	Rekneskap 2023 og budsjett 2024	2022/486	
VS 04/24	Årsmelding 2023 for Fagskulen Vestland	2022/486	

Saksnr:	2022/486-127
Saksbehandlar	Adeline Berntsen Landro
Dato:	14.03.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid

Styret handsama i møte 08.12.2022 sak VS 29/22 Strategi for Fagskulen Vestland 2023-2027. Strategien omtalar fire strategiske område der ei av dei er arbeidslivsrelevans, og under dette området er det peikt på at vi skal auke fokus på internasjonal mobilitet for studentar og tilsette, samarbeide om å utvikle nye utdanningar og tilby nye utdanningar internasjonalt.

Auka aktivitet innan internasjonalt samarbeid, med både små- og storskala prosjekt, samt mobilitet, er viktig både for kvaliteten i våre program og for å styrke kompetansen til våre tilsette. Internasjonale prosjekt kan fungere som ei plattform for samarbeid med andre institusjonar, og fremjar utveksling av kunnskap, ekspertise og beste praksisar innanfor ulike fagområde. Internasjonale prosjekter vil kunne gi studentar og tilsette moglegheita til å skaffe seg verdifull kompetanse og ferdigheiter gjennom samhandling med internasjonale partnarar, og sikre at skulen får bygd kompetanse for framtida.

Som del av oppfølginga av strategien har fagskulen laga ein mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid som er forankra i leiargruppa, og vert med dette gjeve til orientering til styret. Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid følgjer på neste side.

Fagskulen Vestland – mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid

Innleiing

Vestlandet har utsyn mot havet og mot kontinentet, og denne kysten av Norge har lange tradisjonar for internasjonalt samarbeid, både gjennom fiske og skipsfart, olje- og gassindustrien, utdanning og forskning, og miljøteknologi og berekraft. Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å møte dei store globale utfordringane som verden står overfor, og er derfor viktig for fagskulen som tilbydar av utdanningar med høg arbeidslivsrelevans. Internasjonalisering er derfor eit av innsatsområda i Fagskulen Vestland si strategi for perioden 2023-2027. Mobilitet og samarbeid med internasjonale institusjonar og aktørar skal bidra til auka kvalitet i fagskulen sitt utdanningstilbod gjennom «auke fokus på internasjonal mobilitet for studentar og tilsette, samarbeid om å utvikle nye utdanningar og å tilby nye utdanningar internasjonalt».

Denne handlingsplanen identifiserer mål og tiltak for å styrke Fagskulen Vestland sitt internasjonale engasjement i perioden 2024-2027.

Mål og tiltak for Fagskulen Vestlands internasjonale engasjement

Mål 1: Deltaking i internasjonale samarbeids- og partnerskapsprosjekt

Samarbeid med utdanningsinstitusjonar og kontakt med nærings- og arbeidsliv i andre land er fundamentet i Fagskulen Vestland sitt internasjonale engasjement. Det internasjonale samarbeidet skal omfatte eit bredt spekter av fagområda ved skulen, og inkludere arbeidslivsrelevans, FN's berekraftsmål, det grønne skiftet, karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og/eller digitalisering. Dei viktigaste satsingsområda for prosjektsamarbeid og mobilitet skal være Norden, Europa og Nord-Amerika.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal identifisere og etablere strategiske partnerskap med relevante nasjonale og internasjonale organisasjonar og institusjonar som kan bidra til å styrke skolens mål om internasjonalt samarbeid
- Fagskulen Vestland skal delta i internasjonale utdanningsprosjekt under føresetnad av tilgjengelege ressursar og at tema faller inn under skulens strategi
- Fagskulen Vestland skal søke finansiering av prosjektsamarbeid i programmer som til dømes Erasmus+, Nordplus og NORA

•

Mål 2: Internasjonal mobilitet for tilsette og studentar

Internasjonal mobilitet gir auka kvalitet i utdanningane, språkferdigheiter, internasjonal erfaring og interkulturell kompetanse. Fagskulen Vestland skal auke mobilitet av tilsette og studentar for kortare og lengre opphald i utlandet. Mobilitet kan være knytt til jobbskygging, deltaking på kurs og konferansar, gjesteforedrag, eller studie-/praksisopphald.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal etablere samarbeidsavtalar med skular og verksemder i andre land som omfattar moglegheiter for mobilitetsopphald for tilsette og studentar.
- Fagskulen Vestland skal fasilitere deltaking i internasjonale kurs og konferansar for lærarar og andre tilsette
- Fagskulen Vestland skal søke akkreditering for mobilitet gjennom Erasmus+ for å sikre finansiering av mobilitetsaktivitetar over lengre tid

Mål 3: Internasjonalisering heime

Fagskulen Vestland skal arbeide for internasjonalisering heime for studentar og tilsette som ikkje kan reise på utanlandsopphald. Internasjonale gjesteforelesarar og innreisande kursdeltakarar og studentar bringer med seg verdifulle, faglege perspektiv som kan gi fagskulens tilsette og studentar ein internasjonal erfaring. Praksisutplassering i bedrifter som har internasjonale kontaktar kan og bidra til at studentane får eit internasjonalt nettverk.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal bruke samarbeidsavtalar og prosjektsamarbeid til å invitere utanlandske lærarar til fysiske eller digitale føredrag ved skulen
- Fagskulen Vestland skal styrke samarbeidet med lokale bedrifter som har internasjonale relasjonar for å skape moglegheiter for praksisplassar
- Fagskulen Vestland skal utvikle kurs/utdanningar som er relevante og attraktive også for ein internasjonal målgruppe. Dette kan inkludere engelskspråklege kurs eller programmer.

Mål 4: Deltaking i det offentlege ordsiftet

For å auke bevisstheit, kompetanse og forståinga av fagskulesektorens internasjonale moglegheiter og utfordringar, er det naudsynt å synleggjere våre aktivitetar og delta i den offentlege debatten. Det er særleg viktig å halde dei som setter rammer for sektoren sine moglegheiter kring internasjonalisering orienterte, som HK-dir., regionale og nasjonale myndigheiter.

Tiltak:

- Fagskulen Vestland skal bruke ulike media til å dele relevant informasjon, suksesshistorier og nyhende knytt til våre internasjonale aktivitetar
- Fagskulen Vestland skal vere synleg i aktuelle samfunnsdebattar og løfte frem ulike problemstillingar kring internasjonalisering av fagskulesektoren
- Fagskulen Vestland skal gi innspel til undersøkingar, utredningar, stortingsmeldingar og anna offentleg strategiarbeid kring temaet

Saksnr:	2022/486-126
Saksbehandlar	Adeline Berntsen Landro
Dato:	14.03.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Adeline Berntsen Landro

Orientering om tildelinga av nye studieplassar i 2024

I styremøte 23.02.2024 bad styret om å få ei orientering om årets tildeling og fordeling av dei 500 studieplassane som vart løyvd over statsbudsjettet for 2024. Administrasjonen har bede om ei tilbakemelding frå Vestland fylkeskommune, og i det følgjande vert det gjort greie for den.

Vestland fylkeskommune fekk inn søknadar om totalt 451 heiltidsekvivalentar med oppstart hausten 2024. Det var 7 fagskular som sendte inn søknad om studieplassar til totalt 33 nye utdanningstilbod. Vestland fylkeskommune skal på bakgrunn av søknadene frå fagskulane prioritere tilbod med utgangspunkt i regionen sitt kompetansebehov og deretter søkje vidare til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir.). Vestland fylkeskommune søkte HK-dir. om 175 heiltidsekvivalentar (sjå vedlegg), men vart berre tildelt totalt 46 nye heiltidsekvivalentar. Tildelinga vart vidare fordelt på 3 fagskular med totalt 4 nye utdanningstilbod. Fylkeskommunen har valt å prioritere tildeling av nye studieplassar i tråd med prioriteringane som er gjort på nasjonalt nivå. Dei prioriterte områda er:

- Helse- og omsorgsfag
- Tekniske fag
- Område som er viktig for det grønne skifte

Fylkeskommunen meiner at dette er område kor Vestland anten har eller kan vente å ha eit kompetansebehov i åra framover.

Då Vestland fylkeskommune fekk tilbakemelding om at det berre vart tildelt 46 nye studieplassar kontakta dei HK-dir. for å få tilbakemelding på kvifor talet på nye studieplassar var lågt. HK-dir. har svart at bakgrunnen for tildelinga til Vestland fylkeskommune må sjåast i samanheng med det totale statstilskotet til Vestland, og oppfyllingsgraden. Vestland fylkeskommune er det fylket med nest størst statleg ramme. Vestland har tidlegare fått tildelt studieplassar, og på bakgrunn av dei nye studieplassane er oppfyllingsgraden berre på 61 %.

Vidare skriv HK-dir. at tildelinga til Vestland fylkeskommune i 2024 utgjer 9 % av dei nye studieplassane, samtidig utgjorde Vestland sin søknad 6 % av den totale summen av søknader. I den samanhengen syner HK-dir. til at fylkeskommunane arbeider noko ulikt, så dette tek ein gjerne ikkje like mykje omsyn til. Nokon fylkeskommunar gjer eigne prioriteringar, medan andre sender vidare alle søknadar dei har motteke. Vestland fylkeskommune gjer eigne prioriteringar før innsending, og det er i utgangspunktet slik HK-dir. ønskjer at fylkeskommunane skal arbeide med tilskotsforvaltninga.

HK-dir. har i større gra lagt vekt på omfanget av offentleg finansierte tilbod i dag ved fordeling av tilskot, men mest på oppfyllingsgraden av tidlegare innvilga studieplassar. Det vart tildelt nye studieplassar i 2018, 2020 og i 2023, og HK-dir. har sett på korleis desse midlane har gitt resultat i

form av vekst i studiepoengeiningar (SPE) sidan 2017. Tabell under syner tal for SPE i Vestland og det kjem her fram at oppfyltingsgraden er 0,61.

Tal SPE i Vestland:

SPE produsert i 2017	1013
SPE produsert i 2023	1267
Reel vekst SPE sidan 2017	254
Potensiell SPE 2023 basert på tidligere tildelingar	1429
Potensiell vekst SPE siden 2017 (eksklusiv halvårseffekt hausten 2023)	416
Reel vekst i forhold til potensiell vekst (oppfyltingsgrad)	0,61

Tabellen under syner prioriterte utdanningstilbod, og på bakgrunn av få tildelte studieplassar totalt, og mange søknader om nye tilbod, justerte HK-dir. talet på studentar per tilbod, slik at fleire utdanningstilbod skulle få tilskot til å starte opp hausten 2024.

Den prioriterte søkerlisten:					SØKERTALL		FORSLAG			
Namn på skule	Namn på studiet	Startdato	Sluttdato	Heiltid/ Deltid	Tall studenter	Heiltids ekvivalenter	Tall studenter	Stad	Studie poeng	
Folkeuniversitetets Fagskole	Velferdsteknologi og digital hjemmeoppfølging i g	15.09.2024	15.06.2026	1	20	20	16	Bergen	60	
Fagskolen Vestland	Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	14.08.2024	21.06.2025	0,5	30	15	20	Nordnes	30	
DIN KOMPETANSE FAGSKOLE	SYKDOMSLÆRE OG LEGEMIDLER FOR HELSEFAGA	19.08.2024	15.06.2026	0,5	40	20	20	Bergen	60	
Fagskolen Vestland	Grøn omstilling i byggenæringa	14.08.2024	21.06.2026	0,5	30	15	20	Førde	60	
Fagskolen Vestland	Automatisering	14.08.2024	21.06.2026	1	30	30		Nordnes	120	
Fagskolen Vestland	Bygningsaknyndig for tilstandsanalyser	14.08.2024	21.06.2027	0,5	40	20		Førde/Nett	120	
AOF Fagskolen	Psykisk helsearbeid K1	25.09.2024	19.06.2026	0,5	20	10		Stord	60	
DIN KOMPETANSE FAGSKOLE	Psykisk helse og livsmestrin i ungdomsskole og vi	19.08.2024	15.06.2026	0,5	30	15		Bergen	60	
Folkeuniversitetets Fagskole	Palliativ omsorg	15.09.2024	15.06.2026	0,5	20	10		Bergen	60	
AOF Fagskolen	Observasjon og stell av sår K1	23.09.2024	01.06.2025	0,5	20	10		Bergen/Førde	30	
AOF Fagskolen	Trygg håndtering av utfordrende situasjonar i hels	18.09.2024	01.06.2025	0,5	20	10		Nordfjordeid	30	
					300	175	76			Totalt
						Heltidsekviva.	46			Tildelt fra HK - Dir.

Ut i frå tilbakemeldinga frå HK-dir. kan ein tolke svaret som at det er eit ønskje om å harmonisere det statlege tilskotet mellom fylkeskommunane basert på storleik i høve til studenttal og faktisk produksjon av studiepoeng. Når ein ser på tildelinga til alle fylkeskommunane (fylkeskommunale fagskular) ser ein at Vestland fylkeskommune har ei større ramme enn andre fylkeskommunar som ein kan samanlikne seg med, til dømes Innlandet og Viken.

Fylkeskommune	Tilskot*	SPE 2022*	Tilskot per SPE
Nordland fylkeskommune	30 267 000	193	156 824
Møre og Romsdal fylkeskommune	44 046 000	285	154 547
Agder fylkeskommune	51 682 000	337	153 359
Oslo fylkeskommune	54 111 998	415	130 390
Vestland fylkeskommune	138 523 046	1 065	130 069
Rogaland fylkeskommune	67 260 118	550	122 291
Vestfold og Telemark fylkeskommune	61 490 388	527	116 680
Viken fylkeskommune	116 764 816	1 003	116 416
Trøndelag fylkeskommune	84 213 624	734	114 732
Innlandet fylkeskommune	88 611 844	821	107 932
Troms og Finnmark fylkeskommune	47 000 000	460	102 174

*Berre fylkeskommunale fagskular.

Blant dei fylkeskommunale fagskulane har Fagskolen Vestland om lag 17,7 % av det totale tilskotet, og om lag 16,7 % av den totale produksjonen. Fagskolen Vestland er på femte plass i høve kor mykje tilskot skulane får per SPE. Om ein i tillegg ser på produksjonen til dei private fagskulane, ser ein mykje det same.

I orienteringa om tilskotsordning for driftsmidler til fagskular i 2024 (lenke: [gult hefte](#)), kan ein sjå fordelinga i 2023 og i 2024 på side 10. Tabellen er kopiert inn under.

Tabell 1 Forslag til driftstilskudd (i kroner) per fylkeskommune

Fylkeskommune	Tilskudd 2023 ⁶	Opptørring og videreføring av 500 studieplasser fra 2023	Prisjustering	Endring i resultatbasert uttelling	Styrking av driftstilskuddet	Tilskudd 2024
Agder	74 586 964	2 800 000	3 405 026	1 176 000	1 362 828	83 331 000
Innlandet	100 160 307	4 800 000	4 618 254	4 305 000	1 830 103	115 714 000
Møre og Romsdal	51 372 349	800 000	2 295 583	1 785 000	938 671	57 192 000
Nordland	35 245 163	800 000	1 585 987	1 197 000	643 994	39 472 000
Oslo	195 870 680	7 600 000	8 952 710	315 000	3 578 894	216 317 000
Rogaland	104 772 596	4 000 000	4 785 994	1 701 000	1 914 388	117 174 000
Troms og Finnmark	53 606 507	2 800 000	2 481 886	3 066 000	979 491	62 934 000
Finnmark						4 524 000
Troms						58 410 000
Trøndelag	125 802 065	3 840 000	5 704 251	2 688 000	2 298 618	140 333 000
Vestfold og Telemark	112 469 618	2 000 000	5 036 663	504 000	2 055 008	122 065 000
Telemark						50 971 000
Vestfold						71 094 000
Vestland	167 878 360	4 800 000	7 597 848	2 247 000	3 067 425	185 590 000
Viken	160 388 622	5 760 000	7 310 539	3 675 000	2 930 579	180 065 000
Akershus						36 913 000
Buskerud						75 087 000
Østfold						68 065 000
Total	1 182 153 231	40 000 000	53 774 742	22 659 000	21 600 000	1 320 187 000

⁶ Beløpet som ligger til grunn for prisjustering fra 2023 er justert med et tillegg på 28 millioner kroner som følge av ekstraordinær prisjustering i revidert nasjonalbudsjett 2023, samt et fradrag på totalt 2,7 millioner kroner for å frigjøre midler til nye satsinger og omprioriteringer. Både tillegg og fradrag er fordelt forholdsvismessig på hver fylkeskommune. Det betyr at prisjusteringen er basert på et beløp som er noe lavere enn det faktiske tilskuddet for 2023.

I tabellen for gult hefte ser ein det som HK-dir. peiker på - at Vestland er på andre plass i høve til storleik på tilskot i 2023. I 2024 er Vestland framleis på andre plass.

Om ein ser på kor mange studentar i heiltidsekvivalentar fylkeskommunane har med studentar som anten er heilt offentleg finansiert, eller delvis offentleg finansiert, så er Vestland fylkeskommune på fjerde plass. Både Oslo, Viken og Vestfold og Telemark har fleire heiltidsekvivalentar enn Vestland hausten 2023.

Fylke	Delvis eller fullt offentlig finansiert haust 2023	
	Studentar	Heiltidsekvivalentar
Agder	950	614,41
Innlandet	1935	1058,07
Møre og Romsdal	375	351,86
Nordland	495	313,54
Oslo	4360	2596,25
Rogaland	2840	1462,5
Troms og Finnmark	960	632,34
Trøndelag	2115	1415,32
Vestfold og Telemark	2345	1652,86
Vestland	2380	1615
Viken	3360	1865,31
Sum	22110	13573,46

Vedlegg 1: Søknad om tilskot til høgare yrkesfagleg utdanning

DIREKTORATET FOR HØYERE UTDANNING OG
KOMPETANSE
Postboks 1093
5809 BERGEN

Dato 24.01.2024
Vår referanse 2023/78130-24
Dykkar referanse
Sakshandsamar Ingrid Beate Læg Reid
E-post Ingrid.Beate.Legreid@vlfk.no
Telefon 47787234

Søknad om tilskot til høgare yrkesfagleg utdanning

Vestland fylkeskommune (heretter VLFK) søker med dette om nye studieplassar til høgare yrkesfagleg utdanning. I dette brevet kjem det fram utfyllande informasjon når det gjeld prioritering for søknad av nye studieplassar for 2024.

Vedlagt finn dykk "Rapport søkerdata - Utdanningstilbud det søkes driftstilskot til i 2024" og "Søkerdata nye utdanningstilbud utan kode 2024".

Kriteria for tildeling av tilskot til studietilbud frå fagskulane i Vestland fylkeskommune

I arbeidet med tildeling av tilskot har fylkeskommunen særskilt vektlagt:

- Studietilbud som svarar på etterspurnaden etter høgare yrkesfagleg kompetanse i fylket
- Studietilbud som er tilpassa det å vere i jobb under studia
- Studietilbud med gruppestorleik minimum 15 studentar. Studietilbud med lågare deltaking vert vurdert i høve til respektive fag og etterspurnaden etter dette
- Gjennomføring, dvs. tal studentar som gjennomfører studiet

Fylkeskommunen har som mål å oppretthalde same nivå på tal utdanningstilbud som i 2023, med føresetnad om at vi får tildelt nye studieplassar også i 2024 på same nivå eller meir.

Med statleg støtte på kr. **185 590 000,-** der opptrapping av nye studieplassar i 2023 er med, ser vi for oss per no at vi skal oppnå dette.

Oversikt over prioriterte søknader over nye utdanningstilbud for 2024 i prioritert rekkefølge

Pri	Namn på fagskule	Namn på tilbod	Stad (S) Nett (N) Heiltid (H) Deltid (D)	Tal studentar	Andel av heiltid	Tal studie poeng	Frå dato	Til dato	Studie stad
1	Folkeuniversitetets Fagskole	Velferdsteknologi og digital hjemme oppfølging i praksis	S/D	20	1	60	15.09.2024	15.06.2026	Bergen
2	Fagskulen Vestland	Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	S/D	30	0,5	30	14.08.2024	21.06.2025	Nordnes
3	DIN KOMPETANSE FAGSKOLE AS	SYKDOMSLÆRE OG LEGEMIDLER FOR HELSEFAGARBEIDERE	S/D	40	0,5	60	19.08.2024	15.06.2026	Bergen
4	Fagskulen Vestland	Grøn omstilling i byggenæringa	S/D	30	0,5	60	14.08.2024	21.06.2026	Førde
5	Fagskulen Vestland	Automatisering	S/H	30	1	120	14.08.2024	21.06.2026	Nordnes
6	Fagskulen Vestland	Bygningssakyndig for tilstands analyser	N	40	0,5	120	14.08.2024	21.06.2027	Førde
7	AOF Fagskolen	Psykisk helsearbeid K1	S/D	20	0,5	60	25.09.2024	19.06.2026	Stord
8	DIN KOMPETANSE FAGSKOLE AS	Psykisk helse og livsmestring i ungdomsskole og videregående skole	S/D	30	0,5	60	19.08.2024	15.06.2026	Bergen

9	Folkeuniversitetets Fagskole	Palliativ omsorg	S/D	20	1	60	15.09.2024	15.06.2026	Bergen
10	AOF Fagskolen	Observasjon og stell av sår K1	S/D	20	0,5	30	23.09.2024	01.06.2025	Bergen
11	AOF Fagskolen	Trygg handtering av utfordrende situasjoner i helse - og omsorgssektoren K1	S/D	20	0,5	30	18.09.2024	01.06.2025	Nordfjordeid

Bakgrunn:

VLFK vil prioritere midlar til nye studieplassar (høgare yrkesfagleg utdanning i fylket) etter same føringar på området som nasjonalt nivå. Det vil seie at dei prioriterte områda er:

- Helse- og omsorgsfag
- Tekniske fag
- Områder som er viktige for det grønne skiftet

Dette er områder kor Vestland enten har eller kan vente å ha kompetansebehov i åra framover.

Kva kompetansebehov har Vestland?

Her følgjer nokre viktige kompetansebehov Vestland fylke har i dag, og kva behov fylket kan forvente å ha i åra framover. Det er viktig å merke seg at det er vanskeleg å framskrive kompetansebehov, og kva yrke og utdanningar det vil vere behov for i framtida vil avhenge av mange faktorar. Vi tek utgangspunkt i fire drivarar som vi kan vere sikre på vil vere viktige for kompetansebehova framover. Desse drivarane er digitalisering og teknologisk utvikling, endringar i demografi, det grønne skiftet, og ein meir usikker internasjonal økonomi. Drivarane vil påverke fylka og kommunane i Noreg ulikt avhengig av mellom anna næringsstruktur, eksisterande alderssamansetning, og korleis dei lokale og regionale arbeidsstyrkane ser ut.

Drivarane vil i stor grad påverke etterspurnadssida i arbeidsmarknaden, det vil seie kva type kompetanse og arbeidskraft bedriftene vil ha behov for. Arbeidsmarknaden består av eit arbeidstilbod og ein arbeidsetterspurnad. Arbeidskraft er ikkje ein uniform storleik, og den vil vere satt saman av personar med ulik arbeidserfaring, utdanningsnivå, fagbakgrunn og alder. Det er enklare å skildre tilbodssida i marknaden, og vi har meir informasjon om korleis denne ser ut i dag og korleis den kan sjå ut i Vestland i framtida. Kva kompetanse og arbeidskraft bedriftene **etterspør** kan svinge i takt med den generelle konjunktursituasjonen i økonomien, og kva næringer til ein kvar tid opplever som høgast og lågast vekst.

Etterspurnad etter kompetanse i arbeidsmarknaden i dag

Det er vanskeleg å måle direkte kva utdanningar som er særleg etterspurde. I rapporten «Kunnskapsgrunnlag kompetanse – statistikk og utviklingstrekk for arbeidslivet i Vestland» tek vi utgangspunkt i kunngjorde stillingar for yrkesgrupper. Med dette utgangspunktet har etterspurnaden i Vestland sidan 2015 vore høgast for sjuke- og spesialsjukepleiarar, pleiemedarbeidarar og bygningsarbeidarar. Vidare har det vore høg etterspurnad etter utvalde akademiske yrke og fleire yrkesfag. Samstundes har sysselsetjingsveksten i stor grad skjedd i akademiske yrke, og det er klare indikasjonar på at det er stor udekt etterspurnad innan både helse- og omsorgsyrike og yrkesfag. Denne tolkinga vert støtta opp mellom anna av bedriftsundersøkinga til NAV1. Vidare peikar kompetansebehovsutvalet² på at det er udekt etterspurnad etter høgare yrkesfagleg kompetanse i næringslivet i Noreg. Dei finn dette gjennom undersøkingar blant både verksemder og ferdigutdanna kandidatar. Vi kjenner ikkje til tilsvarende undersøkingar som gjeld utelukkande for Vestland, men det er heller ingen ting som tyder på at disse funna ikkje skal gjelde også her.

Endringar i arbeidstilbodet på kort og mellomlang sikt

På kort og mellomlang sikt vil utdanningsløp og alderssamansetninga til innbyggjarane vere særleg viktig for arbeidstilbodet. Vestland har som landet elles ei aldrende befolkning, og nokre yrkesgrupper er i større grad prega av dette enn andre. Det har til dømes vore høg vekst i delen sysselsette over 60 år i fleire handverkaryrke som bygningsarbeidar og bygningsteknisk arbeidar, for transportarbeidarar, og for ein rekke akademiske yrke. Også medisinske yrke som sjukepleiar har opplevd auke i delen eldre yrkesaktive. Samstundes har fleire av yrka som har fått fleire eldre tilsette også opplevd svak tilvekst av unge arbeidstakarar (mellom 15 og 30 år). Fleire handverkaryrke (til dømes bygnings- og bygningstekniske arbeidarar) har opplevd nedgang i talet på unge yrkesaktive. Viss denne utviklinga

held fram kan det oppstå mangel på arbeidskraft med den kompetansen sysselsette i disse yrkesgruppene har.

Vestland har opplevd ein auke i delen innbyggjarar med høgare utdanning. Det meste av denne auken kjem av at fleire søkjar seg til høgare akademisk utdanning på universitet eller høgskule, men også Fagskulen i Vestland har opplevd vekst i talet på både søkjarar og studentar dei siste åra. Det er viktig at det er tilbod om studieplassar i dei faga som det er udekte kompetansebehov i. Som det kjem frem her er det behov for plassar innan både helse- og omsorg og tekniske fag.

Forventa kvalitative kompetansebehov i framtida

Korleis kan så drivarane for endringar i kompetansebehov slå ut for Vestland? Den teknologiske utviklinga kan forenkla ein del arbeidsoppgåver, samstundes som den også kan føre til skjerpa krav til teknisk kompetanse blant arbeidstakarar. Digitalisering og tilgang til ny teknologi kan også endre arbeidsoppgåver i eksisterande yrke og vri kompetansekrava deira i retning av meir og høgare teknisk kompetanse.

Det grønne skiftet er venta å føre til store endringar i kva kompetansebehov industrien har. Det er vanskeleg å slå fast kor store behova for bestemte typar fagkompetanse og utdanningar vil vere, men mykje tyder på at fagkompetanse innan mellom elektrofag vil være viktig³. Også denne drivaren tyder på at det vil bli auka behov for teknisk kompetanse.

Den demografiske utviklinga vil også påverke etterspurnaden etter og behovet for kompetanse på lang sikt. Fleire eldre betyr at det også vil bli fleire innbyggjarar med behov for pleie- og omsorgstenester, og dette vil skape behov for fleire arbeidstakarar med denne kompetansen. Dette er arbeidskraft og kompetanse som allereie er knapp i arbeidsmarknaden i Vestland, så auka tilgang på denne kompetansen kan på kort sikt også bidra til å styrke rekrutteringa til desse yrka, og slik dekke eksisterande kompetansegap samstundes som ein reduserer det langsiktige behovet (fordi nyutdanna arbeidskraft kan ein forvente vert i arbeidslivet i omkring 40 år).

Dei forholda som er skildra her kan til saman skapa auka behov for meir kompetanse innan helse-omsorgsfag, tekniske fag, og fag som det er venta vil vere viktige for det grønne skiftet.

Vi viser også til kompetansebarometer der de kan sjå at begrunninga også gjeld i det området vi har utdanningstilbud: [Kunnskapsgrunnlag kompetanse Vestland](#)

Vi har utfordring med å komme med detaljert besvarelse på koloner merka med gult i skjema «Rapport søkerdata - Utdanningstilbod det søkes driftstilskot til i 2024», dette må vi komme tilbake til dersom dykk har behov for det.

Dersom de har andre spørsmål rundt søknad, ta gjerne kontakt.

¹ Bedriftsundersøkinga til NAV kan lastast ned her: <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/nyheter/bedriftsundersokelsen-2023-fortsatt-stor-mangel-pa-arbeidskraft>

¹ Kompetansebehovsutvalget (2022). Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring. URL: <https://kompetansebehovsutvalget.no/wp-content/uploads/2022/06/KBU-temarapport-2022.pdf>

¹ NIFU (2023). Kompetanse for grønn omstilling. URL: <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/3063455>

Med helsing

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonssjef

OPK –Opplæring og kompetanse

OPK - Kompetanse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksnr: 2022/486-124
Saksbehandlar: Lars Arne Førde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 03/24	22.03.2024

Rekneskap 2023 og budsjett 2024

Forslag til vedtak

1. Styret tek årsrekneskap til orientering.
2. Styret vedtek budsjett slik det kjem fram av saka.

Samandrag

I denne saka vert det vist årsrekneskap for 2023 og framlegg til budsjett for 2024.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Førebels ansvars- og oppdragsbrev til Fagskulen Vestland - tildeling av tilskot for 2024
- 2 Tildeling av tilskot til drift av nye studietilbod høgare yrkesfagleg utdanning 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram årsrekneskap for 2023 og framlegg til budsjett for 2024.

Rekneskap 2023

Rekneskapen for Fagskulen Vestland 2023 viser eit overforbruket på i overkant av kr 10.7 mill. Hovudårsaka til overforbruk er planlagt bruk av fondsmidlar. Av fondet på 9.1 mill er det brukt om lag kr 8,160 mill. til investeringar, utstyr og dekking av eigenandelar, dei resterande kr 0.9 mill av fondet er nytta til mindre investeringar. Utover dette er overforbruket knytt til generell auka driftskostnader. Fagskulen Vestland tar med seg eit negativt disposisjonsfond på ca kr 1.6 mill. inn i år 2024.

Adminstrasjon og leiing	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
388000 Administrasjon og leiing	(134 130 214)	(141 310 669)	(7 180 455)
388010 Administrasjon	8 377 873	8 592 086	214 213
388011 Stab	4 244 403	3 993 995	(250 408)
388012 Skolelokale/Felles	6 430 732	8 490 000	2 059 268
388013 Fagskulestyre	241 159	269 504	28 345
388014 Markedsføring	2 475 162	1 700 000	(775 162)
388015 Semester- og studieavgift	(6 239 844)	(7 500 000)	(1 260 156)
388016 IT	1 210 291	1 200 000	(10 291)
388099 Årsoppgjer (FAH)	(12 146 567)	(2 106 672)	10 039 895
Total	(129 537 005)	(126 671 756)	2 865 249

Undervisning	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
Diverse utgåtte avdelingar	15 501	-	(15 501)
388120 Undervisning felles	3 676 264	2 850 000	(826 264)
388121 Prosjekt	(1 577 002)	108 587	1 685 589
388122 Bygg Nordnes	21 793 579	20 442 460	(1 351 119)
388123 Bygg Førde	16 694 562	17 314 806	620 244
388124 Elektro Nordnes	27 805 545	24 908 135	(2 897 410)
388125 Maskin og Prosess	18 184 924	17 945 195	(239 729)
388126 Elektro og Maskin Førde	10 815 256	11 617 056	801 800
388127 Maritim Austevoll	16 525 655	16 479 685	(45 970)
388128 Maritim Måløy	9 435 583	9 292 919	(142 664)
388129 Petroleum og Maritim/Nygård	11 407 608	10 079 208	(1 328 400)
388130 Grønne og gastronomiske	4 822 287	4 866 507	44 220
388131 Anlegg Voss	3 605 918	4 045 907	439 989
388132 Helse	6 944 257	8 078 619	1 134 362
Total	150 149 937	148 029 084	(2 120 853)

Oppdragsverksemd	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
388802 Kurs og kompetanse Bergen	(1 255 604)	(2 000 000)	(744 396)
Total	(1 255 604)	(2 000 000)	(744 396)

Total	19 357 328	19 357 328	
--------------	-------------------	-------------------	--

Tildeling av tilskot til drift av nye studietilbod høgare yrkesfagleg utdanning 2024

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har tildelt tilskot til nye studietilboda som vist i tabellen under.

Nytt tilbod med oppstart hausten 2024	Studie poeng	Studie plassar	Studiestad	Del av heiltid	Dato frå	Dato til
Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	30	20	Nordnes	0,5	14.08.2024	21.06.2025
Grøn omstilling i byggenæringa	60	20	Førde	0,5	14.08.2024	21.06.2026

Tildeling av tilskot for 2024

Statleg tilskot:	2023	2024	Endring
Grunntilskot	94 085 744	100 752 000	6 666 256
Resultatbasert tilskot	26 517 884	29 261 000	2 743 116
Samla tildeling nye studie plassar 2020-2024	13 942 000	17 508 000	3 566 000
Sum statleg tilskot	134 545 628	147 521 000	12 975 372
Fylkeskommunalt tilskot	21 464 000	19 113 000	(2 351 000)
Samla tilskot	156 009 628	166 634 000	10 624 372

Statleg tilskot

Det resultatbaserte tilskotet er justert etter endring i tal produserte studiepoeng frå 2021 til 2022.

Fylkeskommunalt tilskot

For 2024 er det innarbeidd ein reduksjon i det fylkeskommunale driftstilskotet til Fagskulen Vestland på 3,6 mill. kr for å møte salderingsutfordringa i sektoren.

Det fylkeskommunale tilskotet er ut over dette vidareført, saman med prisjustering, på same nivå som tilskotet i 2023.

Budsjett 2024

Netto budsjett er i tråd med samla tilskot frå Vestland fylkeskommune. Vi ser at det ligg større utfordringar i budsjettet for inneverande år og dei komande års budsjett, fordi Vestland fylkeskommune har varsla eit nedtrekk i det fylkeskommunale tilskotet på til saman 18,5 mill. innan 2026.

Styringsfarten ved fagskulen har vore for høg dei siste åra, og saman med varsla nedtrekket vil dette føre til at det må gjennomførast generell kostnadsreduksjon og ei større justering i tilbodsstrukturen.

Stad	Tekst	Budsjett 2024
388000	Administrasjon og leiging	(154 090 140)
388010	Administrasjon	9 131 820
388011	Stab	5 521 670
388012	Skolelokale/Felles	4 930 000
388013	Fagskulestyre	673 190
388014	Markedsføring	1 500 000
388015	Semester- og studieavgift	(6 600 000)

388016	IT	500 000
388099	Årsoppgjer (FAH)	-
		(138 433 460)
388101	Fagstab	27 740
388120	Undervisning felles	2 957 620
388121	Prosjekt	-
388122	Bygg Nordnes	20 808 320
388123	Bygg Førde	17 373 430
388124	Elektro Nordnes	25 165 080
388125	Maskin og Prosess	18 102 740
388126	Elektro og Maskin Førde	11 979 390
388127	Maritim Austevoll	8 023 710
388128	Maritim Måløy	11 820 480
388129	Maritim Nygård	19 763 940
388130	Grønne og gastronomiske	5 947 740
388131	Anlegg Voss	3 839 770
388132	Helse	8 235 100
388133	Petroleum Nygård	4 719 420
		158 764 480
Kurs og kompetanse		
388802	Bergen	(1 218 430)
		(1 218 430)
Budsjett 2024		19 112 590

Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at rekneskapen for 2023 vert teke til orientering og at budsjettet for 2024 vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Saksnr:	2024/3449-5
Saksbehandlar	Ingeborg Christina Lie Fredheim
Dato:	02.02.2024

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Bjørn Lyngedal

Førebels ansvars- og oppdragsbrev til Fagskulen Vestland - tildeling av tilskot for 2024

1. Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2024/økonomiplan 2024-2027 vart vedteke av fylkestinget 13. desember 2023, FT-sak 116/2023. Fylkestinget vedtok budsjettet for 2024 på løyvingsnivå. I samsvar med budsjettreglementet kan hovudutvala endre fordelinga mellom løyvingsnivåa innanfor sine sektorområde. For nokre sektorområde vedtok fylkestinget bindande føresetnader i tekstdelen.

2. Tildeling av tilskot for 2024

Styret for Fagskulen Vestland har mynde til å disponere tilskotet innanfor følgjande ramme:

Statleg tilskot:	
Grunntilskot	100 752 000
Resultatbasert tilskot	29 261 000
Samla tildeling nye studieplassar 2020-2024	17 508 000
Sum statleg tilskot	147 521 000
Fylkeskommunalt tilskot	19 113 000
Samla tilskot	166 634 000

Statleg tilskot

Det resultatbaserte tilskotet er justert etter endring i tal produserte studiepoeng frå 2021 til 2022.

Fylkeskommunalt tilskot

For 2024 er det innarbeidd ein reduksjon i det fylkeskommunale driftstilskotet til Fagskulen Vestland på 3,6 mill. kr for å møte salderingsutfordringa i sektoren.

Det fylkeskommunale tilskotet er ut over dette vidareført på same nivå som tilskotet i 2023.

Det er i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2024 lagt til grunn at kurs og konferansar i heile organisasjonen skal vera gode, men gjennomførast kostnadseffektivt og/eller digitalt.

Avdelingsdirektøren gjer merksam på at eventuelt over-/underskot frå tidlegare år ikkje er rekna inn i tilskotet for 2024. Styret må ta omsyn til dette i disponeringa av budsjettet.

3. Detaljering av driftsbudsjettet

Detaljeringa av budsjettet skal gjerast ved bruk av budsjetterings- og rapporteringsverktøyet Framsikt. Avdelingsdirektøren har registrert tilskotet for Fagskulen Vestland i Framsikt med slik kontering:

- fylkeskommunalt tilskot: art 110098, stad 388000, funksjon 55433.
- statleg tilskot: art 110098/170000, stad 388000, funksjon 55433.

Skulane har fridom til å detaljere budsjettet sitt innanfor dei økonomiske rammene, avgrensa av det ein skilde løyvningsnivå og politiske føringar, men kvar skule skal detaljere minimum på løn og **andre** driftsutgifter. Som ein del av dette skal skulane minimum detaljere budsjettet på artsgruppene «reise og kurs» og «konsulentar».

NB: Både når det gjeld budsjett og rekneskap er det avgjerande for å kontere på rett løyvningsnivå at ein vel rett funksjon.

Vi viser elles til «Rettleiing detaljbudsjettering» og «Opptak av kurs i detaljbudsjettering (skular)», som de finn på fylkeskommunen sitt intranett under «Framsikt»: [Framsikt \(sharepoint.com\)](#)

Fristen for å ha detaljert budsjettet er torsdag 15. februar. Skulane skal etter dette ha eit gjennomarbeidd budsjett å styre etter.

4. Rapportering og oppfølging

4.1 Politisk oppfølging

Fylkesdirektøren skal rapportere til politisk nivå i samsvar med punkt 3.2.3 i budsjettreglementet etter kvart tertial (pr. april og august).

4.2 Administrativ oppfølging

Rektor skal rapportere etter kvart kvartal i 2024 i samband med den overordna økonomirapporteringa (kvartalsrapport). Rektor skal som ein del av dette vise eventuelle tiltak skulen har sett i verk for å halde budsjetttramma.

Einingane (skulane og RLT) har følgjande fristar for kvartalsrapporteringa i 2024:

Kvartal	Månadsavslutning rekneskap	Rapporteringsfrist for skulane og RLT
1. kvartal	15. april	23. april
2. kvartal	15. juli	14. august
3. kvartal	15. oktober	23. oktober

NB: gjer merksam på at rapporteringsfristen for einingane er tidlegare enn den som står på økonomi sine sider på intranettet. Fristen på intranettet gjeld avdelingsdirektøren si rapportering til fylkesdirektøren, for sektoren samla

Vurdering av årsresultat

Når årsoppgjeret er ferdig og einingane har fått tilsendt informasjon om årsresultat 2023, skal kvar eining (skule/RLT) gjere ei vurdering av årsresultatet for si eining - kva er årsaka til eventuelt avvik mellom budsjett og rekneskap. Vurderinga skal meldast til OPK stab økonomi innan 11. mars 2024.

Områdeleiar vil i samarbeid med OPK stab økonomi følgje opp skulane i økonomiarbeidet gjennom året.

Dersom de har spørsmål til tildelinga av driftstilskot eller opplegg for rapportering ber vi om at de tek kontakt med ein av skulane sine kontaktpersonar i OPK stab økonomi;

Skule	Kontaktperson
Måløy, Eid, Stryn, Firda, Flora, Mo og Øyrane, Hafstad, Dale, Høyanger, Sogndal, Årdal, Sogn Jord- og Hagebruksskule, Voss gymnas, Voss vgs	Merete Husabø Nornes
Austrheim, Knarvik, Manger folkehøgskule, Osterøy, Åsane, Arna, Kvam, Sotra, Årstad, Askøy	Zwanette Koers
Produksjonsskulen avd Hyssingen og avd Hardanger, Bergen katedralskule, Amalie Skram, Langhaugen, Laksevåg og Bergen Maritime, Fyllingsdalen, Olsvikåsen, Nordahl Grieg, Sandsli, Tertnes	Daniel Gåsemyr Fluge
Austevoll, Os gymnas, Os vgs, Fusa, Slåtthaug, Stend, Odda, Kvinnherad, Stord, Bømlø, Fitjar	Anne-Ruth Knutsen
Fagskulen Vestland	Ingeborg Lie Fredheim

Kopi til:

Bjørn Lyngedal
 Bekka Skaasheim
 Odd Bjarne Hammersvik Berdal
 Birthe Andersen Haugen

ADELINE LANDRO
Postboks 1876 Nordnes
5817 Bergen

Dato 29.02.2024
Vår referanse 2023/78130-41
Dykkar referanse
Sakshandsamar Ingrid Beate Læg Reid
E-post Ingrid.Beate.Legreid@vlfk.no
Telefon

Tildeling av tilskot til drift av nye studietilbud høgare yrkesfagleg utdanning 2024

Viser til innsendt søknad frå Fagskule Vestland med referanse 2023/78130-23, datert 15.12.2023 om tilskot til høgare yrkesfagleg utdanning (HYU) 2024.

Vedtak om tilskot

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har tildelt tilskot til nye studietilboda som vist i tabellen under.

Nytt tilbod med oppstart hausten 2024	Studie poeng	Studie plassar	Studiestad	Andel av heiltid	Dato fra	Dato til
Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	30	20	Nordnes	0,5	14.08.2024	21.06.2025
Grøn omstilling i byggenæringa	60	20	Førde	0,5	14.08.2024	21.06.2026

Vi fekk inn søknad om nye utdanningstilbud frå 7 fagskular om totalt 33 nye utdanningstilbud, med til saman 451 heiltidsekvivalentar. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK- dir.) tildelte 46 nye studieplassar (heiltidsekvivalentar) til Vestland fylke, med oppstart hausten 2024. Tildelt nye studieplassar er fordelt på 3 fagskular med totalt 4 nye utdanningstilbud.

Utbetaling av tilskot

Vestland fylkeskommune gjennomfører utbetaling av tilskot for vår - og haustsemesteret. Utbetalingsbrev for våren 2024 er allereie sendt ut. Det kjem eit nytt brev med informasjon om utbetaling for haust semesteret innan 15. September 2024. Neste utbetaling vil skje innan utgangen av januar påfølgjande år.

Tilskotsgrunnlag

Vestland fylkeskommune nyttar satsar i tråd med tilrådinga frå Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) med utgangspunkt i helsefaga, inkludert løns- og prisvekst.

Sats per heiltidsekvivalent student 2024

	Stadbasert	Nettbasert
Grunntilskot (80%)	79 650	55 110
Resultatbasert tilskot (20%)	19 910	13 780

Sats for det resultatbaserte tilskotet gjeld for ei studiepoengeining (60 stp).

Grunnlag for vedtak om tildeling

Tilskotet skal bidra til å dekke kompetansebehova i samfunnet. Driftstilskotet til fagskular skal også stimulere til god kvalitet og gjennomføring i høgare yrkesfagleg utdanning, og skal komme studentane til gode. Stortinget har fastsett fire mål for driftstilskotet:

1. Høy kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
2. Relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarar på kompetansebehova i arbeidslivet
3. God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i hele landet
4. Effektiv og solid fagskolesektor

Det er vedtatt nasjonale føringar for ordninga med driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning, og Kunnskapsdepartementet har vedtatt eigne retningslinjer for tilskot til drift av fagskular.

Vestland fylkeskommune har presisert kriteria for tildeling av tilskot som svar på kompetanseutfordringar i fylket og gjennomføring av tilboda. I arbeidet med tildeling av tilskot har fylkeskommunen særskilt lagt vekt på følgande kriteria:

- Studietilbod som svarar på etterspurnaden etter høgare yrkesfagleg kompetanse i fylket
- Studietilbod som er tilpassa det å ha jobb under studia
- Studietilbod med gruppestorleik minimum 15 studentar. Studietilbod med lågare deltaking vert vurdert i høve til respektive fag og etterspurnaden etter dette
- Gjennomføring, dvs. tal studentar som gjennomfører studiet

Retningslinjer for tildeling

Vestland fylkeskommune følgjer desse retningslinjene for tilskotsordninga 2024:

- Tilskotsordninga er basert på ei rammefinansiering av det einkilde studietilbodet. Tilskotet skal gje fagskulane eit driftsgrunnlag og ein stabil tilbodsstruktur.
- Ordninga er basert på satsar for stadbasert tilbod, eventuelt samlingsbasert tilbod med nettstøtte og for reine nettbaserte tilbod.
- Tilskotet har like satsar for like tilbod uavhengig om fagskulen er offentleg eller privat
- Tilskotet vert fordelt i forhold til 80/20 som grunntilskot og resultatbasert tilskot - [Meir om ordninga.](#)
- Fagskulane får resultatbasert tilskot i 2024 basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2022.
- Studentane vert talt éin gong i året – studenttalet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.
- Alle fagskular skal rapportera til [DBH Fagskolestatistikk.](#)

Krav og ansvar

Fylkeskommunen forutsett at fagskulen rettar seg etter følgande vilkår for tilskotet:

- Fagskulen skal melde frå til fylkeskommunen dersom studiet ikkje startar opp, med grunngjeving
- Fagskulen skal følge fylkeskommunens føringar ved ønske om omprioritering/om disponering av midlar
- Fagskulen har ansvar for å kontrollere at utbetalte beløp er korrekt. Eventuelt for mykje midlar skal straks informerast til fylkeskommunen.
- Fagskulen er forplikta til at studentane får slutført påbegynte utdanningar
- Fagskulen skal levere oppdatert og utfyllande informasjon om utdanningstilbodet til Utdanning.no. Informasjonen oppdaterast når det er nødvendig, og av - publiserast når tilbodet ikkje lenger er gjelder. Informasjon på <https://utdanning.no/partner>. Kontaktperson i Utdanning.no: evita.bergstad@hkdir.no.
- Fagskulen skal rapportere studentdata til Database for fagskolestatistikk (DBH-F) i tråd med føringane derfrå innan 15. mars, 15. august og 15. oktober.
- Fagskulen skal rapportere økonomidata til Database for fagskolestatistikk (DBH-F) i tråd med føringane derfrå innan 31. juli (gjelder private fagskular)
- Fagskulen må forklare endringar i avlagte studiepoengseinheiter (60 studiepoeng) på 20% eller meir frå året før i ein egen endringskommentar til DBH-F. Frist: 30. april

- Vestland fylkeskommune ynskjer å få tilsendt den årlege årsmeldinga/kvalitetsmeldinga som vert laga i samband med fagskulen sitt NOKUT - godkjente kvalitetssystem.

For nærmare informasjon om rapporteringskrav og fristar frå DBH-F, sjå:

<https://fagskole.hkdir.no/rapportering>.

Fagskulen må sjølv kvalitetssikre tala som rapporterast. Det forventast god kvalitet i rapporteringa, og at rapporterings fristane oppretthaldast. Dersom fagskulen leverer mangelfull rapportering eller ikkje overheld fristen kan konsekvens være at fylkeskommunen held tilbake utbetalingar av driftsmidlar for påfølgande semester.

Innrapporterte studiepoeng dannar grunnlag for HK-dir. sin berekning av resultatbasert tilskot til fylkeskommunen.

Høve til å klage

Fagskulen har høve til å klage på fylkeskommunen sitt vedtak om tildeling av tilskot, jf.

Forvaltningslova §28. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Med helsing

Tor Ivar Sagen Sandvik

seksjonssjef

OPK - Kompetanse

Ingrid Beate Læg Reid

Spesialkonsulent

OPK - Kompetanse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksnr: 2022/486-125**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 04/24	22.03.2024

Årsmelding 2023 for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Årsmelding 2023 for Fagskulen Vestland vert teke til orientering, og sendt til skuleeigar.

Samandrag

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2023 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2023. I tråd med fagskulestyret sine vedtekter skal årsmeldinga sendast til skuleeigar.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Årsmelding 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2023 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, og tek mellom anna for seg organiseringa og drifta av Fagskulen Vestland, fagskulestyret, kvalitet og strategi for fagskulen, samt årsrekneskap for 2023.

Vedtakskompetanse

I tråd med vedtektene for fagskulestyret, fastsett av fylkestinget, skal årsmeldinga sendast til skuleeigar:

§ 2-2 Ansvar og oppgåver

9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret tek Fagskulen Vestland si årsmelding for 2023 til orientering, og at meldinga vert sendt til skuleeigar.

Årsmelding 2023

Innhald

1. Fagskulen Vestland.....	3
1.1 Organisasjons- og leiarstruktur	3
1.2 Berekraft, miljø og klima.....	4
1.3 Utdanningstilbodet.....	4
1.4 Studentar	6
1.5 Søkjarar.....	9
2. Styret for Fagskulen Vestland.....	9
2.1 Samansetjing	9
2.2 Aktivitetar og viktige saker	10
2.3 Klagesaker	11
3. Kvalitet i utdanninga.....	11
4. Strategi for Fagskulen Vestland	12
4.1 Arbeidslivsrelevans – Det grønne skiftet.....	13
4.2 Arbeidslivsrelevans – Internasjonalisering	13
4.3 Profesjonalisering	14
4.4 Læringsmiljø.....	14
4.5 Vere synleg – Profil og kommunikasjonsstrategi	15
4.6 Vere synleg – Nasjonalt arbeid og utvikling i sektoren	16
5. Årsrekneskap 2023	16
5.1 Årsrekneskap	16
5.2 Tilskotsoversikt.....	18
5.3 Oversikt over prosjektmidlar 2023.....	18


1. Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland er ein av dei største offentlege fagskulane i Noreg og har ein desentral profil med åtte studiestader i Vestland fylkeskommune. Fagskulen har eit breitt fagleg tilbod av høgare yrkesfagleg utdanning, med både korte og lengre utdanningar inntil 120 studiepoeng. I 2023 var det om lag 1900 studentar ved fagskulen og om lag 170 årsverk. Fagskulen hadde eit budsjett på vel kr 173 millionar.

1.1 Organisasjons- og leiarstruktur

I samband med at tidlegare Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane vart slått saman i 2022, vart det etablert ei leiarstruktur med eit rektorat beståande av ein rektor og to prorektorar; prorektor for utdanning og prorektor for organisasjon og samhandling.

Prorektor for utdanning leiar utdanninga og har personalansvar for utdanningsleiarane på skulen. Prorektor for organisasjon og samhandling leiar den administrative delen av organisasjonen og har personalansvar for stab og administrasjonsleiar.



Figur 1: Organisasjons- og leiarstruktur for Fagskulen Vestland.

Tabell 1 under syner at Fagskulen Vestland per 12. desember 2023 hadde 169,6 årsverk, og av desse er åtte årsverk engasjement eller vikariat. Gjennomsnittsalder for dei tilsette ved fagskulen er 50 år, og kjønnsfordelinga er om lag 30 prosent kvinner og 70 prosent menn. Sjukefråværet i 2023 var på om lag 2,5 prosent for heile året.

Avdeling	Årsverk
Øvste leiling	3
Stab	6,5
Administrasjon	12
Bygg Nordnes	21,1
Elektro Nordnes	24,7
Maskin/prosess Nordnes	18
Maritim Austevoll	5,8
Grøne og gastronomiske Hjeltnes	8,5
Bygg Førde	17,8
Elektro Maskin Førde	11,8
Helse Nordnes	9,2

Maritim Måløy	8,4
Petroleum og maritim Nygård	22,8
Totalt	169,6

Tabell 1: Tal årsverk pr. 31.12.2023

1.2 Berekraft, miljø og klima

I fylkeskommunen sin regionale planstrategi står det følgjande: "Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. For å nå bærekraftmåla til FN må vi jobbe på tvers av fag og sektorar, og mellom forvaltningsnivå". Fagskulen utpeika derfor ein miljøkoordinator som skal vere eit bindeledd mellom Vestland fylkeskommune og fagskulen, og som skal koordinere oppgåver knytt til miljø- og klimaarbeid.

Miljøkoordinator ved fagskulen har hatt møte med avdeling for næring, plan og innovasjon for planarbeid knytt til miljø og klima ved Fagskulen Vestland. I 2023 gjennomførte fagskulen følgjande tiltak:

- Det vart gjennomført ein sykkelkampanje, med tilskot frå fylkeskommunen til sykkelservice for tilsette i fagskulen.
- Kantineansvarleg ved fagskulen deltok på ein to-dagars samling om berekraftig matlaging og matsvinn, som ein del av prosjektet "Berekraftig kantine i Vestland".
- Fagskulen fekk i 2023 godkjent søknad om midlar til kjeldesorteringssystem med nasjonal merking ved studiestad Nordnes. Kjeldesorteringssystemet var på plass i januar 2024, og er eit av tiltaka for å oppnå miljøsertifisering.

1.3 Utdanningstilbodet

Fagskulen Vestland har eit breitt fagleg tilbod, og det er styret som vedtek kva tilbod som skal starte opp kvar haust. Tabell 2 under syner kva tilbod styret vedtok å starta opp ved fagskulen hausten 2023.

Studiestad	Utdanningstilbod	
Førde	Bygg FTB01N	
	Anlegg FTB02N	
	KEM FTB03N	
	Bygningssakkyndig FTB58N	
	BIM FTI53N	
	Elkraft FTE13N	
	Automatisering FTE01N	
	Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N	
	Maskin FTT04N	
	Handverksysting N FPS15K	
	Måløy	Maskinoffiser FTM02H
		Dekksoffiser FTM01H
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	

	Bygg FTB01H
	Bygg FTB01N
	Automatisering FTE01N
	Elkraft FTE03H
	Elkraft FTE03N
	Maskinteknikk FTT04H
	Maskinteknikk FTT04N
	Prosessteknikk FTK01N
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D
	Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N FHH83N
	Spesialreinhald FHH10D
	Klassisk bygningshandverk FTB54D
Stord	Robotteknologi og digital produksjon FTT57H
Nygård	Maskinoffiser FTM02H
	Dekksoffiser FTM01H
	Boring FTP01H
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H
	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N
Voss	Anlegg FTB02N

Tabell 2. Tilbud som var starta opp ved fagskulen hausten 2023. Siste bokstav (H, D, K eller N) syner til H – heiltid, H – deltid, K og N – er nettbasert med samlingar eller reint nettbasert.

Tilboda Automatisering og Prosess ved studiestad Nordnes hadde svært mange søkjarar våren 2023, og styret vedtok å opprette to klassar ved desse utdanningane med til saman 80 studieplassar ved kvar av utdanningane. Desse to utdanningane har normalt hatt 40 studieplassar kvar. Tilbodet Robotteknologi og digital produksjon har vore tilbudd ved studiestad Nordnes i fleire år, men våren 2023 vart tilbodet lyst ut med studiestad Stord for fyrste gong. Det var svært gode søkjartal og tilbodet vart oppretta hausten 2023.

Over statsbudsjettet for 2023 vart det gjeve 500 nye studieplassar til fagskulesektoren og fagskulen søkte fylkeskommunen om nye studieplassar vinteren 2022 med oppstart hausten 2023. Tabell 3 under syner kva tilbod fagskulen søkte nye studieplassar til, og kva plassar som fekk tilskot.

Utdanningstilbod	Tal studieplassar (H)	Tal studieplassar innvilga (H)
Handverksysting	15	
Bygningsinformasjonsmodulering (BIM)	15	
Bygningssakkunnig	15	
Psykisk helse og rusarbeid	30	10,0
Leiing i havbruksoperasjonar	15	12,5
Velferdsteknologi	15	12,5

Tabell 3. Oversikt over søknad og tildeling av nye studieplassar hausten i heiltidsekivalentar 2023.

Som det kjem fram av tabell 3 vart det gjeve nye studieplassar til tre av dei tilboda som fagskulen søkte om. Søknad til tilbodet Psykisk helse og rusarbeid handla om opptrapping av eit tilbod som allereie var gåande, slik at fagskulen kunne auke kapasiteten og samtidig opprette dette tilbodet ved studiestad Førde. Det har tidlegare vore god søking til dette studiet, men til oppstart hausten 2023 var det ikkje nok søkjarar til å gjennomføre den planlagde opptrappinga.

Tilbodet Velferdsteknologi skulle ha starta i Førde, men det var heller ikkje her nok søkjarar til å starte opp. For å utnytte dei tildelte studieplassane omprioriterte styret plassane til å auke kapasiteten ved tilboda Automatisering og Prosess. Det vart starta opp ei ekstra klasse i kvar av desse utdanningane, fordi det var svært gode søkjartal til desse.

Tilbodet Leing i havbruksoperasjonar i Måløy hadde ikkje nok søkjarar til å starte opp hausten 2023, og styret vedtok at tilbodet skulle lysast ut på nytt med oppstart februar 2024, og at studiestad Måløy og Austevoll skulle samarbeide om å gjennomføre undervisninga. Bakgrunnen for dette vedtaket var at utdanninga då kunne nå eit større geografisk område. Tilbodet kom i gang februar 2024.

1.4 Studentar

Den typiske studenten ved Fagskulen Vestland er ein mann mellom 20 og 29 år som studerer naturvitskaplege fag, handverksfag eller tekniske fag, og som går på eit studium som er nettbasert med samlingar.

Studentar etter fagfelt 2023 Høst




Figur 2. Studentar fordelt på fagfelt hausten 2023 (SSB/DBH-Fagskole).

Tabell 4 under syner studenttalet ved teljetidspunktet 1. oktober i 2022 og 2023 både i tal studentar og tal studentar rekna som heiltid (heiltidsekvivalent). Tabell 4 syner vidare at det var registrert 1910 aktive studentar hausten 2023, 40 fleire enn i 2022. Rekna i heiltidsekvivalent var det 1345, medan det i 2022 var 1340, og differansen vert ein noko lågare.

Studiestad	2022		2023	
	Haust		Haust	
	Tal studentar	Heiltidsekvivalent	Tal studentar	Heiltidsekvivalent
Studiestad Austevoll	55	45	40	36,5
Studiestad Førde	465	294,02	505	308,4
Studiestad Hjeltnes	35	20,06	40	23,41
Studiestad Måløy	55	55	55	55
Studiestad Nordnes	960	664,53	970	674,73
Studiestad Nygård	135	135	150	150
Studiestad Odda	20	2,52	15	1,92
Studiestad Stord	75	75	70	53,4
Studiestad Voss	70	46,23	65	44,22
Sum	1870	1340,36	1910	1345,58


Tabell 4: Studenttal og heiltidsekvivalent pr. 1. oktober 2022 og 2023. Heiltidsekvivalent syner studenttalet rekna om til heiltid (SSB/DBH-Fagskole). Tala er avrunda til næraste 5 av personomsyn.

I 2023 studerte om lag 65 prosent av studentane ved fagskulen ved eit studium som er nettbasert med samlingar. Dette er på line med dei nasjonale tala, som viser at 64 prosent av søkjarane i opptaket for 2023 fekk tilbod om plass på eit nett- eller samlingsbasert studium. Fagskulen har få tilbod som er reine nettbaserte, og diagrammet syner at om lag 10 prosent av studentane ved fagskulen følgjer ein slik undervisningsform. Det er om lag 25 prosent som går på eit stadbaserert tilbod, og desse tilboda er heiltidstilbod. Delen studentar som studerer heiltid har over fleire år gått ned, medan deltidstilbodet har auka. Det er i hovudsak berre studiestad Nordnes, Austevoll og Måløy som har heiltidsutdanningar i dag.




Figur 3: Diagrammet syner del av studentar ved utdanningar med utdanningsform; nettbasert med samlingar, nettbasert og stadbaserert ved Fagskulen Vestland hausten 2023 (SSB/DBH-Fagskole).

Av figur 4 under ser vi at det var 86 prosent mannlege studentar ved skulen hausten 2023, medan det var 14 prosent kvinnelege studentar. På landsbasis er kvinneandelen på 34 prosent. Det lave talet kvinner må sjåast i samanheng med kva studiar som vert tilbydd. Det er tradisjonelt låg del kvinner på tekniske og maritime studiar som skulen er stor på, og dette gjeld også for kurs og kortare utdanningar.



Figur 4: diagrammet syner kjønnsfordelinga ved Fagskulen Vestland hausten 2023 (SSB/DBH-Fagskole).

Figur 5 under syner aldersfordelinga ved fagskulen hausten 2023 og det er flest studentar i gruppa 20-29 år (57 prosent), medan det er nest flest i gruppa 30-39 år (26 prosent). Det er ved heiltidsutdanningane vi ser flest av dei yngre studentane, desse kjem ofte rett etter fullført fagbrev. Studentane som studerer på deltid er ofte i full jobb ved sida av studia, har arbeidd nokre år, og er gjerne etablerte.



Figur 5: Grafen syner aldersfordeling ved Fagskulen Vestland hausten 2023 (SSB/DBH-Fagskole).

1.5 Søkjarar

Fagskulen Vestland deltek i det nasjonale opptaket gjennom Samordna opptak, og det er søknadsfrist 15. april kvart år. Det er eit lovkrav at offentlege fagskular skal vere ein del av det samordna opptaket. Fagskulen kan, etter løyve frå HK-dir, handtere opptak lokalt når dette er utanom tidsperioden for Samordna opptak, eller når det er opptak til ein skilde emne eller korte utdanningar under 30 studiepoeng.

Av tabellen under ser vi at skulen i 2023 fekk 1920 søkjarar kor 1330 var førsteprioritetssøkjarar. Tilsvarande tal for opptaket i 2022 var 2096 søkjarar, kor 1452 hadde Fagskulen Vestland som førsteval. I 2021 hadde fagskulen 2090 søkjarar, og 1477 førsteprioritetssøkjarar. Over heile perioden var nedgangen i tal søkjarar 8 prosent, medan nedgangen i tal førsteprioritetssøkjarar var på 10 prosent.

På landsbasis gjekk søkjartala ned med 5 prosent mellom 2021 og 2022, for så å auke med 9 prosent mellom 2022 og 2023. Fagskulen skil seg såleis ut frå landssnittet i 2023. Samtidig var det berre 1130 tilgjengelege studieplassar ved fagskulen hausten 2023, og det var såleis fleire søkjarar enn ledige plassar.

Søkjartal	2021	2022	2023	Nedgang	Endring i %
Søkjarar totalt	2090	2096	1920	170	8
Førsteprioritetssøkjarar	1477	1452	1330	147	10

Tabell 5: Søkjartal over tid (Samordna opptak).

2. Styret for Fagskulen Vestland

Styret er det øvste styringsorganet for Fagskulen Vestland og hadde i 2023 ni medlemmar, alle med personlege vara. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse stilte i møta som fast observatør.

Styret er med heimel i fagskulelova mellom anna ansvarleg for kvaliteten i utdanningane, drift og dimensjonering av utdanningstilbodet ved fagskulen og studentane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.

2.1 Samansetjing

I 2023 hadde styret følgjande samansetjing før og etter fylkestingvalet:

Januar - oktober	Oktober - desember
Sigurd Erlend Reksnes <i>Leiar</i> Eigarrepresentant (Sp)	Oddmund Klakegg <i>Leiar</i> Eigarrepresentant (Sp)
Kine Bratli Dale <i>Nestleiar</i> Eigarrepresentant (Ap)	Karianne Alette Torvanger <i>Nestleiar</i> Eigarrepresentant (Ap)
Rosalind Fosse <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (FrP)	Tora Hodneland Kildehaug <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (H)
Sonja Merethe Øvre-Flo <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (H)	Gustav Bahus <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (FrP)
Bård Sandal <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (Adm.)	Bård Sandal <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (Adm.)
Ann-Kristin Kristoffersen <i>Medlem</i>	Helene Frihammer <i>Medlem</i>

Arbeidslivsrepresentant (NHO)	Arbeidslivsrepresentant (NHO)
Nils Petter Støyva <i>Medlem</i>	Nils Petter Støyva <i>Medlem</i>
Arbeidslivsrepresentant (LO)	Arbeidslivsrepresentant (LO)
Viggo Leikanger <i>Medlem</i>	Viggo Leikanger <i>Medlem</i>
Tilsettrepresentant	Tilsettrepresentant
Trym Gudmundsen (vår) / Sigurd Bergsvik (haust) <i>Medlem</i>	Sigurd Bergsvik <i>Medlem</i>
Studentrepresentant	Studentrepresentant

Tabell 6: Styremedlemmar før og etter fylkestingsvalet i 2023.

2.2 Aktivitetar og viktige saker

I 2023 blei det gjennomført totalt seks ordinære styremøte. I tillegg blei to møte gjennomført ved e-posthandsaming. Kvart år er det fleire faste saker som skal handsamast av styret, til dømes budsjett, rekneskap, tilbodsstruktur og kvalitetsmelding. Andre viktige saker som blei handsama i 2023 vert omtala i det følgjande.

Søknad til NOKUT om fagområdeakkreditering av helse- og oppvekstfag

Fagskulen Vestland arbeider stadig med å utvikle nye tilbod og vidareutvikle eksisterande tilbod innan helsefag. For å kunne respondere raskare på kommunane og helseføretaka sine kompetansebehov, gav styret i møte 01.09.2023 fagskulen løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av fagområdet helse- og oppvekstfag. Ei fagområdeakkreditering gir fagskulen moglegheit til sjølv å akkreditere nye utdanningar og til å gjere endringar i allereie akkrediterte utdanningstilbod, utan først å måtte søkje NOKUT om godkjenning. Fagskulen søkte NOKUT om fagområdeakkreditering ved fristen 1. november 2023.

Ny logo og visuell profil for Fagskulen Vestland

Styret for Fagskulen Vestland vedtok i 2022 ny strategi for fagskulen for 2023-2027. Ei overordna målsetjing i strategien er at fagskulen skal bli meir synleg i samfunnet. For å oppnå denne målsetjinga skal fagskulen mellom anna utvikle ein heilskapleg og tydeleg profil. Dette vil vere med på å oppretthalde konkurransekrafta og sikre fagskulen ein posisjon i marknaden. På bakgrunn av strategien vedtok styret ny logo og visuell profil for Fagskulen Vestland i møte 01.09.2023.

Søknadar og sjølvakkreditering av nye utdanningar

Fagskulen fekk i 2021 innvilga søknad om akkreditering av fagområdet teknisk. Ei fagområdeakkreditering inneber at styret sjølv kan akkreditere nye utdanningar. Der fagskulen ikkje har akkreditering for fagområde, må styret gi fagskulen løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av nye utdanningar.

I 2023 fekk Fagskulen Vestland akkreditert totalt fem nye utdanningar. Av desse blei tre utdanningar akkreditert av NOKUT etter søknad frå fagskulen:

- Norsk pommelier utdanning (30 stp. – studiestad Hjeltnes)
- Gastronomisk reiseliv (30 stp. - studiestad Hjeltnes)
- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre (30 stp. - studiestad Nordnes, med moglegheit å følgje frå andre stader)

Dei siste to utdanningane blei akkreditert av styret på eiga fullmakt:

- Industriell isolering (30 stp. - studiestad Stord og Nordnes)
- Grøn omstilling i byggebransjen (60 stp. - studiestad Førde)

2.3 Klagesaker

Fagskulen Vestland skal etter fagskulelova § 20 opprette ei lokal klagenemnd, som skal handsame klager på fagskulen sine enkeltvedtak. Styret for Fagskulen Vestland har vedteke at den lokale klagenemnda også skal handsame saker etter fagskulelova §§ 23-27, § 43 og § 16 a. Dette omfattar saker om formelle feil, annullering, bortvising, utestenging, skikkaheit, politiattest, klesplaggforbod og falske dokument ved opptak.

Vedtak i saker som gjeld klage på fagskulen sine enkeltvedtak, kan ikkje påklagast. I saker etter fagskulelova § 24-27, § 43 (utestenging) og § 16 a kan klagenemnda sine vedtak påklagast til Nasjonal klagenemnd for høyere yrkesfaglig utdanning.

Fagskulen Vestland samarbeider med Kunsts skolen i Bergen og yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet om felles lokal klagenemnd. Fagskulen Vestland ivaretar sekretariatsfunksjonen for klagenemnda. Klagenemnda blir leia av ein ekstern jurist, og består i tillegg av to tilsettrepresentantar og to studentrepresentantar, alle med personlege vara.

Den lokal klagenemnda ved fagskulen har ikkje faste møtedatoar, men blir innkalla av sekretariatet når det ligg føre saker som treng handsaming i nemnda. I 2023 blei det gjennomført totalt 2 møte, med følgjande fordeling av saker:

Sakstype	Antal
Fusk på eksamen, prøve, innlevering o.l.	3

Resultat	Antal
Annullering av oppgåvesvar	3
Utestenging i inntil eitt år	3

Antal klager til nasjonal klagenemnd	0
--------------------------------------	---

Tabell 7: Oversikt over saker i lokal og nasjonal klagenemnd i 2023.

3. Kvalitet i utdanninga

Fagskulen legg i desember kvart år fram ei kvalitetsmelding for styret som baserer seg på funn gjennom Studiebarometeret, lærarundersøkinga og tilbakemelding frå arbeidslivet, samt kvantitative data. Styret handsama sak om kvalitetsmelding for skuleåret 2022/2023 i møte 07.12.2023.

Studiebarometeret er eit svært viktig verktøy for å få tilbakemeldingar frå studentane, og fagskulen har tidlegare hatt god svarprosent på undersøkinga. I 2023 var svarprosenten berre 26 prosent, og ei nedgang frå året før då den var 44 prosent. Tidlegare har fagskulen vore oppe i 70 prosent. Fagskulen skal arbeide aktivt for å auke deltakinga framover.

Enkeltspørsmåla i undersøkinga er gruppert i hovudområda. Kvart hovudområde består av fleire enkeltspørsmål innanfor eit overordna tema og skalaen er frå 1-5, kor 1 er lågast. I oversikta under står resultatata for 2023 i parentes, medan endringa frå året før er illustrert med negativt eller positivt forteikn.

Hovudområda er:

- | | |
|-----------------------------------|-------------|
| 1. Startkompetanse og studiestart | (3,6) + 0,2 |
| 2. Undervisning | (3,5) + 0,1 |
| 3. Sosialt og fagleg læringsmiljø | (3,9) 0,0 |

4. Organisering av studieprogrammet	(3,4)	0,0
5. Arbeidslivstilknytning	(3,4)	0,0
6. Vurderingsformar	(3,9)	+ 0,2
7. Eige engasjement	(3,9)	+ 0,3
8. Overordna tilfredsheit.	(3,8)	+ 0,2

Samanlikna med 2022 scorar fagskulen anten likt eller høgare på alle hovudområdene. Dette seier ikkje noko om at scoren er bra eller ikkje, men den har ikkje vorte dårlegare frå året før. Den største endringa ser vi på «eige engasjement» som aukar med 0,3 poeng.

På bakgrunn av kvalitetsmeldinga for skuleåret 2022/2023 vedtok styret følgjande mål for skuleåret 2023/2024.

1. Auke søkjartala med 5 %
2. Auke oppfyltingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %
3. Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar
4. Utvikle minst ei utdanning innan grøn omstilling
5. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret
6. Overordna tilfredsheit med Fagskulen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret
7. Auka trafikken på heimesida vår med 20%
8. Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret
9. Jobbe for å auke gjennomføringsgraden

4. Strategi for Fagskulen Vestland

Styret vedtok i 2022 ein visjon og ein strategi for Fagskulen Vestland for perioden 2023 – 2027.

Fagskulen sin visjon er som følgjer:

«Fagskulen Vestland – den føretrakte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland»

Strategien for fagskulen har følgjande hovudtema:

- Arbeidslivsrelevans
- Profesjonalisering
- Læringsmiljø
- Vere synleg

Målsettinga for perioden er som følgjer:

- Vi skal arbeide for vidare studentvekst i heile regionen og på fleire stader enn i dag, og utfordre oss sjølv på måten å organisere utdanningane på for å sikre fleksibilitet for studentar og arbeidsliv.
- Vi skal vere ein trygg og god partner for arbeidslivet og samarbeide enda tettare om å utvikle utdanningar som styrkar arbeidskrafta, berekraft og grøn omstilling i regionen.
- Vi skal styrke kvaliteten i undervisninga med fleire dyktige lærarar og nye undervisningsmetodar.
- Vi skal vidareutvikle læringsmiljøet for studentane ved dei fleksible tilboda.
- Vi skal vere meir synleg for samfunnet med ein heilskapleg profil og aktiv deltaking i det offentlege ordskiftet

I fortsettinga vert det gjeve ei omtale av kva fagskulen har arbeidd med i 2023 for å oppnå strategien og målsettingane.

4.1 Arbeidslivsrelevans – Det grønne skiftet

Under satsingsområdet om arbeidslivsrelevans er det mellom anna ei målsetting å vere aktiv i satsinga innan karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og berekraft. Fagskulen arbeider med å implementere element kring grøn omstilling i det eksisterande studietilbodet, men har også arbeid med å etablere nye tilbod.

Fagskulen har på eiga fullmakt utvikla og akkreditert utdanninga Grøn omstilling i byggebransjen som kan verte tilbudd som ei heil utdanning på 60 studiepoeng, men også som kortare modular i samband med bransjeprogram. Utdanninga byggjer på relevant fagbrev eller realkompetanse, og har som mål å auke kompetanse relatert til det grønne skiftet for byggenæringa og dei som utdannar kommande generasjonar med utøvande aktørar i bransjen. Det blir stilt stadig strengare miljøkrav til næringa og utbyggjarar, og det kan vere vanskeleg å få oversikt over dei ulike krava myndigheitene stiller og korleis innfri desse. Utdanninga skal derfor gje studentane oversikt over dei miljøkrava som føreligg, og gjere dei i stand til å følgje med i dei stadig nye krava som kjem. Studentane skal lære å bli innovative i høve til å stille krav til miljø i anbudsdokument, og korleis byggeprosjekt skal kunne gjennomførast på ei berekraftig måte. Utdanninga tar sikte på å ruste aktørane i bransjen med grøn kompetanse som er målretta til næringa, og vil vere relevant for bygg- og anleggsbransjen i heile landet. Meir konkret vil tilbodet rette seg mot offentleg forvaltning, entreprenørar i bygg- og anleggsindustri, fagarbeidarar og lærlingar, i tillegg til yrkesfaglærarar i byggetekniske fag.

Fagskulen har i 2023 også delteke i tre prosjekt som handlar om kompetanse innan batteri i heile verdikjeda:

- Eit nasjonalt prosjekt – Batterifagskulen, som er eit samarbeid mellom fleire fagskular om å tilby korte utdanningar innan batteri.
- To internasjonale prosjekt – ALBATTTS og CaBatt som vert omtala under i punkt 4.1.1

I tillegg har fagskulen, saman med Vestland fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet, sendt inn ein søknad om Centre of Excellence in VET innan hydrogen. Dette vert også omtala under.

4.2 Arbeidslivsrelevans – Internasjonalisering

I strategien til Fagskulen Vestland for perioden 2023-2027 er internasjonalisering eit av verkemidla for å tilby undervisning av høg kvalitet og arbeidslivsrelevans. Fagskulen skal i denne periode auke fokuset på internasjonal mobilitet for studentar og tilsette og på internasjonalt samarbeid om å utvikle nye utdanningar. Vi skal og tilby nye utdanningar internasjonalt. Fagskulen oppretta i 2023 ein administrativ stilling med ansvar for internasjonalisering.

Fagskulen deltek i Vestland Fylkeskommunes konsortium for tverrsektorielle samarbeidsprosjekt, og fekk i 2023 midlar til to mobilitetsprosjekt innan kategorien jobbskygging. Leiar og lærarar ved avdeling for byggfag skal besøke samarbeidspartnarar ved høgskulen VIA Horsens i Danmark, medan leiar og lærarar ved avdeling for helsefag har inngått avtale med, og skal besøke Tallinn Health Care College i Estland.

I 2023 heldt vi fram som aktiv samarbeidspartnar i prosjektet *Alliance for Batteries Technology, Training and Skills* (ALBATTTS), som handlar om å bygge opp batterikompetanse innanfor VET-sektoren og med det bidra til det grønne skiftet i Europa. Prosjektet leiast av Skellefteå kommune i Sverige, og forutan om Noreg deltek partnarar frå Portugal, Finland, Tsjekkia, Slovenia og Irland.

Fagskulen deltek og som partnar i prosjektet *Capacity Building for Battery Teachers in Vocational Education and Training* (CaBatt), eit spin-off prosjekt frå ALBATTTS, som starta opp i 2023. Prosjektet skal gje lærarar i høgare yrkesfagleg utdanning auka kompetanse om batteri i tillegg til eit nettverk som gjer det mogleg å halde seg oppdatert innan fagfeltet. I samband med prosjektet, arrangerte fagskulen i 2023 eit internasjonalt lærarkurs i batteri i maritim sektor. Prosjektet vert leia av VAMIA i Finland og med partnarar i Noreg, Portugal, Sverige og Tsjekkia.

Saman med Vestland fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet, har fagskulen vore aktiv i søknadsprosessen for eit stort europeisk CoVE-prosjekt, som blei innvilga stønad frå Erasmus+ på tampen av året. Centre of Excellence in VET (CoVE) er eit sentralisert tiltak in Erasmus+ og forvalta

av Europakommisjonen. Prosjektet, med tittelen *H2COVE*, tar sikte på etablere ei rekkje regionale europeiske sentre for yrkesfagleg ekspertise innan hydrogen.

Fagskulen Vestland innleia i 2023 eit nytt samarbeid med Niagara College i Canada. Saman med Fagskulen Rogaland tek vi sikte på å inngå ein treparts intensjonsavtale med Niagara College innanfor emna sirkulær økonomi, fornybar energi og helse og oppvekst.

Skulen er nøgd med det internasjonale aktivitetsnivået i 2023, særleg når det gjeld prosjektsamarbeid, og vi er også komen godt i gang når det gjeld målet om auka mobilitet for tilsette. Det er enno ein veg å gå når det gjeld mobilitet for studentar. Ingen av våre studentar har vore på utveksling i 2023, og årsaka er hovudsakleg at dei fleste av dei studerer på deltid, noko som vanskeleggjer utvekslingsopphald.

I 2024 vil fagskulen fortsette det internasjonale engasjementet. Vi skal utvikle ein handlingsplan for internasjonalisering og søke Erasmus+ om akkreditering for mobilitet. Vi skal forsette å vere ein aktiv partner i dei internasjonale samarbeidsprosjekta vi er del av, og vi skal vurdere andre moglege prosjektsamarbeid.

4.3 Profesjonalisering

Under satsingsområdet profesjonalisering har fagskulen som ei målsetting å styrke utviklingskapasiteten og arbeide med forbetring av arbeidsprosessar i heile organisasjonen. Fagskulen har etter samanslåinga blitt ein stor og kompleks organisasjon og forvaltningsoppgåvene, både i høve til tilsette og studentar, har vekse. For å sikre god kvalitet i sakshandsaming knytt til mellom anna opptak, eksamen og studentadministrasjon har fagskulen styrka ressurs til desse områda. Det har vore viktig å sikre spesialisering knytt til sentrale oppgåver og å bygge kompetanse.

Vidare har fagskulen i 2023 styrka utviklingskapasiteten både i fagmiljø og administrasjon for å kunne utvikle og gjennomføre gode utviklingsprosjekt med ekstern finansiering både nasjonalt og internasjonalt. Nasjonalt er dette både bransjeprogram, industrifagskule og utviklingsprosjekt gjennom ordninga «Utviklingsmidlar til høyere yrkesfaglig utdanning» som rettar seg mot følgjande område:

- Utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt, regionalt og/eller nasjonalt arbeidsliv
- Bruk av digital teknologi for læring
- Auka profesjonsfagleg digital kompetanse for faglærarar
- Eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur

Vi har også styrka ressurs til kvalitetsarbeid som eit ledd i å oppnå ein ISO sertifisering og kunne søkje om institusjonsakkreditering når denne ordninga ligg føre.

4.4 Læringsmiljø

Satsingsområdet læringsmiljø omhandlar både studentdemokratiet og det faglege miljøet i og utanfor klasserommet. Eit godt og aktivt studentdemokrati er svært viktig for å ivareta studentvelferda og for den faglege utviklinga ved skulen. Fagskulen har både heiltidsstudentar og deltidsstudentar, og studentane er lokalisert ulike stader i fylket. Dette gjer at det kan vere krevjande å få til eit levande studentdemokrati.

På slutten av året i 2022 vart det tilsett ein studentkoordinator for å arbeide med studentdemokratiet og studentmiljøet, og det har vore arbeidd aktivt ut mot studentane i 2023. Det har blitt etablert lokale studentdemokrati, men studentrådet har pågåande diskusjonar om korleis studentdemokratiet skal organiserast for å sikre størst mogleg engasjement og deltaking. Våren 2023 vedtok studentrådet nye vedtekter, saman med mandat for leiar og nestleiar for å betre formalisere rådet og verva studentane har.

Som nemnt er studentane lokalisert fleire stader, og for å sikre god kommunikasjonsflyt mellom studentane har det vorte etablert ein kommunikasjonskanal som har bidrege til betre kommunikasjon og engasjement blant studentane. Vi ser også at studentane no i større gra melder saker til fagskulen.

Studentane ved Fagskulen Vestland er medlem av studentsamskipnaden Sammen, og har i 2023 nytta seg godt av tilbod om opplæring i studentdemokrati og studie- og læringsteknikkar. Sammen og Norsk organisasjon for fagskolestudenter (ONF) har også besøkt studiestad Førde for å informere studentane om velferdsordningar og studentdemokrati. Studentane har i løpet av 2023 vorte meir studentpolitisk aktiv i regionen og har mellom anna løfta sak til Velferdstinget ved Sammen om avvikling av øvre aldersgrense på studentrabatt på kollektivtrafikk i Vestland. Denne saka fekk Velferdstinget igjennom, og Skyss har no avvikla øvre aldersgrense. Studentrådet ved fagskulen har såleis vore ein god stemme for fagskulestudentar i regionen.

Vidare har studentkoordinator arbeidd med å arrangere velkomstveke i Bergen for nye studentar hausten 2023, og inviterte også med andre fagskular i Bergen. Dette har leia til at enda fleire utdanningsinstitusjonar har teke kontakt om samarbeid til neste skuleår. Velkomstveka har hatt ei positiv effekt på studentmiljøet, og ein ser i større grad enn før at det er samhandling på tvers av klassane også. Velkomstveka set såleis gode rammer for å skape gode relasjonar mellom studentane i starten av studietida.

Under pandemien etablerte fagskulen ei ordning med studentassistentar gjennom eit prosjekt kalla «Student hjelper student». Dette har blitt ei god og populær ordning som vart vidareført i 2023. Ordninga går ut på at fagskulen lønнар studentar som meistrar faga godt til å hjelpe andre studentar som har trong for det i einskilde emne eller tema. Studentassistentane kan også hjelpe med studieteknikk og motivasjon. Studentane kan sjølve kontakte ein studentassistent om dei ønskjer det.

4.5 Vere synleg – Profil og kommunikasjonsstrategi

Under satsingsområde «Vere synleg» står strategi for marknadsføring og kommunikasjon og utvikling av heilskapleg profil for Fagskulen Vestland som dei to første punkta.

Vestland fylkeskommune sin avtalepartner, mediebyrået MediaPlus, har undersøkt kjennskapen til fagskulane generelt og Fagskulen Vestland spesielt. Oppsummert fann dei ut at Fagskulen Vestland ikkje har lågare kjennskap enn andre fagskular, men folk har generelt svært lite kunnskap om og forståing for kva fagskular er. Dei har derfor også låg kjennskap til kva Fagskulen Vestland tilbyr. MediaPlus meiner det er stort potensiale for å bygge kjennskap, kunnskap og for å etablere nye merkemarkørar.

For å utvikle ein heilskapleg profil og etablere merkemarkørar, har MediaPlus utvikla ny logo og visuell profil. Dette har blitt gjort i samarbeid med ei arbeidsgruppe frå Fagskulen Vestland som bestod av tilsette i ulike roller. Ny logo vart vedtatt av styret i september 2023.

Etter styremøtet i september starta arbeidet med merkevareplattform og kommunikasjonskonsept, også dette i regi av MediaPlus. Her deltok ei arbeidsgruppe som bestod av utdanningsleiarane ved fagskulen og ei styringsgruppe som bestod av rektoratet. Plattformen, som vart ferdigstilt vinteren 2024, skal ligge til grunn for korleis Fagskulen Vestland kommuniserer, mål for kommunikasjonen – og korleis resultatet av kommunikasjonen skal målast.

I februar 2024 fekk vi installert trafikkmåling på fagskulen.no for lettare å kunne analysere effekten av annonsering, medieoppslag og andre hendingar og handlingar med mål om auka synlegheit.

Fagskulen og MediaPlus har tatt i bruk ny visuell profil og nytt kommunikasjonskonsept i annonseringa inn mot søknadsfristen 15. april. Fagskulen jobbar også vidare med å bruke og utforske andre kanalar for synlegheit enn annonsering.

I tråd med målet om ein heilskapleg profil har Vestland fylkeskommune sin avtalepartner Bouvet arbeidd med å sjå på korleis nettsidene til Fagskulen kan ta i bruk den visuelle profilen. Designprosjektet vart fullført i februar 2023. Arbeid med utvikling og implementering pågår. I same

prosjekt vil det bli gjort nødvendige grep for å gje dei som besøker fagskulen.no ein betre presentasjon av studietilbodet og moglegheitene ved Fagskulen Vestland.

4.6 Vere synleg – Nasjonalt arbeid og utvikling i sektoren

Det er ei strategisk prioritering at fagskulen skal delta i samfunnsdebatten. Dette vert gjort gjennom representasjon i ulike råd og utval, samt gjennom å vere aktiv i innspelsrundar og høyringar når det er viktige saker som vedkjem fagskulesektoren. I 2023 har fagskulen vore representert i:

- Styret for HØY (interesseorganisasjon for offentlege fagskular)
- Rektorforum for offentlege fagskular
- Nasjonalt fagskoleråd
- Revisjon av nasjonale planar

Gjennom deltaking i nasjonale råd og utval får skulen eit godt innblikk i dei nasjonale trendane og ein moglegheit for å delta aktivt i samfunnsdebatten. I 2023 har det vore arbeidd mykje med innspel til den komande stortingsmeldinga for høgare yrkesfagleg utdanning som skal handsamast av stortinget våren 2025. Fagskulen har vore aktiv gjennom både dialogmøte med Kunnskapsdepartementet, HØY og gjennom skriftlege innspel. Tema som sektoren er opptatt av er:

- Høgare yrkesfagleg utdanning sin plassering i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR).
 - I dag er høgare yrkesfagleg utdanning plassert på nivå 5, men dette set ei del avgrensingar i høve til å imøtekome arbeidslivet sitt kompetansebehov. Fagskulesektoren meiner at det må opnast opp for at yrkesfagleg utdanning kan verte tilbydd på eit høgare nivå i NKR når arbeidslivet etterspør det, utan at utdanningane vert akademiserte.
- Innføring av ECTS i fagskulen
 - ECTS er det internasjonale omgrepet for studiepoeng. I dag er det berre universitets- og høgskulesektoren som kan konvertere studiepoeng til ECTS. Dette set ein del hindre for internasjonalt arbeid for fagskulesektoren og for arbeidslivet i internasjonale konkurransar der ein skal dokumentere kompetanse.
- Finansiering av fagskulesektoren
 - Dei offentlege fagskulane meiner at tilskotet til utdanningane er for låg, og at dagens satsar til nye studentar ikkje er tilstrekkeleg for å kunne finansiere nye utdanningar som er utstyrstunge. Vidare meiner dei offentlege fagskulane at dagens finansieringsordning er for konkurransestyrt og at omsynet til eit offentleg tilbod innanfor viktige samfunnsfunksjonar ikkje vert tilstrekkeleg ivareteken.

5. Årsrekneskap 2023

5.1 Årsrekneskap

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland i 2023 viser eit overforbruk på i overkant av kr 10.7 mill. Hovudårsaka til overforbruket er planlagt bruk av fondsmidlar. Av fondet på kr 9.1 mill. er det brukt om lag kr 8,160 mill. til investeringar, utstyr og dekking av eigenandel. Dei resterande kr 0.9 mill. av fondet er knytt til mindre investeringar. Utover dette er overforbruket knytt til generell kostnadsbruk. Fagskulen Vestland tar med seg eit negativt disposisjonsfond på ca. kr 1.6 mill. inn i år 2024.

Administrasjon og leiging		Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
388000	Administrasjon og leiging	(134 130 214)	(141 310 669)	(7 180 455)
388010	Administrasjon	8 377 873	8 592 086	214 213
388011	Stab	4 244 403	3 993 995	(250 408)
388012	Skolelokale/Felles	6 430 732	8 490 000	2 059 268

388013	Fagskulestyret	241 159	269 504	28 345
388014	Marknadsføring	2 475 162	1 700 000	(775 162)
388015	Semester- og studieavgift	(6 239 844)	(7 500 000)	(1 260 156)
388016	IT	1 210 291	1 200 000	(10 291)
388099	Årsoppgjer (FAH)	(12 146 567)	(2 106 672)	10 039 895
Total		(129 537 005)	(126 671 756)	2 865 249

Undervisning	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
Diverse utgåtte avdelingar	15 501	-	(15 501)
388120 Undervisning felles	3 676 264	2 850 000	(826 264)
388121 Prosjekt	(1 577 002)	108 587	1 685 589
388122 Bygg Nordnes	21 793 579	20 442 460	(1 351 119)
388123 Bygg Førde	16 694 562	17 314 806	620 244
388124 Elektro Nordnes	27 805 545	24 908 135	(2 897 410)
388125 Maskin og Prosess	18 184 924	17 945 195	(239 729)
388126 Elektro og Maskin Førde	10 815 256	11 617 056	801 800
388127 Maritim Austevoll	16 525 655	16 479 685	(45 970)
388128 Maritim Måløy	9 435 583	9 292 919	(142 664)
388129 Petroleum og Maritim/Nygård	11 407 608	10 079 208	(1 328 400)
388130 Grøne og gastronomiske	4 822 287	4 866 507	44 220
388131 Anlegg Voss	3 605 918	4 045 907	439 989
388132 Helse	6 944 257	8 078 619	1 134 362
Total	150 149 937	148 029 084	(2 120 853)

Oppdragsverksemd	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
388802 Kurs og kompetanse Bergen	(1 255 604)	(2 000 000)	(744 396)
Total	(1 255 604)	(2 000 000)	(744 396)

Total	19 357 328	19 357 328
--------------	-------------------	-------------------

5.2 Tilskotsoversikt

Tekst	Statleg tilskot	VLFK	Totalt
Tilskot	134 545 628	21 464 000	156 009 628
Mjølkeproduksjon med hjelp av robotteknologi	490 391	-	490 391
Nye studietilbod	1 187 007	-	1 187 007
Prisjusteringsmidlar	3 361 000	-	3 361 000
	139 584 026	21 464 000	161 048 026

5.3 Oversikt over prosjektmidlar 2023

Det vart søkt om midlar til nye prosjekt under ulike tilskotsordningar. I 2023 fekk Fagskulen Vestland innvilga totalt kr. 13.5 mill. til seks nye prosjekt for perioden 2023/27.

Prosjektnamn	Tilskotsgivar	Tilskot
Fornyng og digitalisering av KEM-lab	HK-dir	1 400 000
Auka profesjonsfagleg digital kompetanse for faglærarar	HK-dir	3 083 200
Grøn omstilling i byggebransjen	HK-dir	2 422 400
Bransjeprogram Grøn omstilling i byggebransjen	HK-dir	3 157 000
Erasmus+ Cabatt (EUR 57 630*)	EU/Erasmus+	650 153
Erasmus+ H2COVE (EUR 249 318*)	EU/Erasmus+	2 812 681
		13 525 434

(*) omrekning med kurs frå 31.12